



# **DØDEN PÅ**

# **OSLO LEGEVAKT**

KVA SKJEDDE DÅ ERIK ARE DØYDDE?

**METODERAPPORT TIL SKUP 2016**

Av Simon Solheim, NRK



*Det er pressens oppgave å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre (Vær varsom-plakaten, punkt 1.5)*

## Tittel på prosjektet:

Døden på Oslo legevakt

## Journalist:

Simon Solheim, telefon: 986 04 319, e-post: [simon.solheim@nrk.no](mailto:simon.solheim@nrk.no)

## Redaksjon:

NRK, Nyheitsdivisjonen, Innanriksredaksjonen – Adresse: NRK Marienlyst, Bjørnstjerne Bjørnsons plass 1, 0340 Oslo

## 1. Innleiing:

Livet til Erik Are Stedt (35) enda på eit svart teppe i ambulanseinngangen på Oslo legevakt. Det var om kvelden 29. november 2012. Stedt var frakta til legevakta av to politikvinner fordi dei meinte han var psykotisk, og trengte tilsyn av lege. Ein lege undersøkte Stedt, og det blei avgjort at han skulle tvangsinnleggast – men det visste ikkje den psykisk sjuke mannen sjølv.

Etter om lag 40 minutt med roleg og fredeleg stemning, endra situasjonen seg brått. Stedt, som er paranoid schizofren, blir uroleg. Han vil forlate legevakta. Dei to politikvinnene prøver å stoppe Stedt. Det oppstår eit basketak, og politiet slit med å få kontroll på Stedt.

Basketaket varer i 18 sekund – så grip ein ambulansarbeidar inn for å hjelpe politiet. Eitt minutt seinare ligg Stedt død på golvet.

Kvelegrepet som ambulansarbeidaren heldt rundt halsen på Stedt varte i 58 sekund, og førte til brot i skjoldbrusken. Gjenoppliving blei forsøkt, men førte ikkje fram. Kva skjedde eigentleg på Oslo legevakt denne kvelden? Korleis kunne forklaringane vere så sprikande? Gjekk Stedt til åtak på dei to politikvinnene, slik dei har forklart? Var Stedt i ferd med å slå politikvinnene i hel, slik ambulansarbeidaren hevda? Eller var Stedt bare redd og ville flykte bort og vekk, slik fire vitne forklarte i avhør? Det beste svaret ligg i det mest objektive beviset: Overvakingsvideoen.



Erik Are Stedt (35)

I tre år nekta styresmaktene å vise offentlegheita videoen som viser at Stedt (35) blir kvalt til døde under arrestasjonen. I tre år kjempa NRK for å få utlevert videoen. Vi gjekk på nederlag, på nederlag, på nederlag – Spesialeininga for politisaker, Riksadvokaten, Oslo tingrett og Borgarting lagmannsrett avslo våre innsynskrav i tur og orden.

Men så, etter omfattande motstand, kom dommen frå Høgsterett: Påtalemakta har brote NRKs ytringsfridom ved å nekte innsyn i videoen, heiter det. Landets øvste domstol påla Spesialeininga for politisaker å utlevere videoen til NRK. Dette førte til stor debatt, og det var usemje på høgt juridisk nivå om at saka var lagt bort.

At NRK ikkje gav seg førte til at eit omstridd dødsfall kunne belyst nærare, og vi kunne gjere vår jobb som offentleg vaktbikkje. For kva hadde skjedd om vi ikkje hadde vunne fram? Mest truleg hadde dødsfallet til Erik Are Stedt blitt lagt i skuffa. Den hadde blitt gøymd. Det hadde ikkje gått an å belyse det som faktisk skjedde på Oslo legevakt då Stedt dør av eit fatalt kveletak.

Dette er ein metoderapport om ein tre år lang kamp for å få innsyn i videoen som viser hendinga – og om journalistikken rundt det.



# Erik Are (35) kvalt under arrestasjon på Oslo legevakt



## Ambulansesjef: – Kjem ikkje til å endre opplæringa

Klinikkisjef Terje Strand ser ingen grunn til å gi ambulanspersonell opplæring i kva grep som er farlege, trass hendinga der Erik Are stled ble kvalt på legevakta.

▶ SE VIDEO



## Advokater om henlegg er en skandale

Videoen som viser at Erik Are Stedt arrestasjon, har fått flere til å reagere sjokkerende å se videoen. Det er saken er henlagt, mener advokat

▶ SE VIDEO



## Foreldrene til Erik Are Stedt

## Kvaliteten er overveldende for jazzåret 2015

KULTUR - SIDE 10

Ti tips til hvordan være en god statsråd for innvandring  
DEBATT - SIDE 14

LØRDAG 19. desember 2015



## NATTEVAKTEN

MOHSAN RAJA ER ÅRETS OSLOBORGER  
OSLOBY - SIDE 14



KULTUR, MENINGER, INNSIKT & OSLOBY



## Rock, rus og romantikk

«Kort ruset på jobb eller bli tatt med lokalt som politiker og da er det en del av pakken, skriver Stein Schirmer»  
BESPIKKE - SIDE 13-13



## Tone Hansen tar over Kulturrådet

Kulturrådet Lina Hoffstad Helleland (19) skifter ut så mange medlemmer som mulig i Kulturrådet.  
KULTUR - SIDE 6

## NRK vant i Høyesterett

Får utlevert overvåkingsvideo fra Legevakt. Dette er den andre viktige prinsippseieren for norsk presse i landets høyeste domstol på kort tid.

KULTUR - SIDE 4-5



Høyesterett har fått dom om at NRK må få tilgang til en overvåkingsvideo fra Oslo legevakt der en psykiatrisk pasient blir kvalt til døde av en ambulansesjef. FOTO: FRANK VAGFELL

# Riksadvokaten tapte mot NRK – må dødsfallvideo fra Oslo legevakt

NRK får utlevert overvåkingsvideoen som viser da Erik Are Stedt (35) døde under pågripelse på Oslo legevakt. Foreldrene hans er glade og mener avgjørelsen fører til større rettsikkerhet.



TIL TOPPS: NRK har anket avslaget på innsynsbegjæringen for Høyesteretts Annen avdeling. FOTO: GAUTE ZAKARIASSEN / NRK

Journalist Gaute Zakariassen @gaut

Journalist Emrah Se @senel

MER OM ERIK ARE (35) KVALT UNDER ARRESTASJON PÅ OSLO LEGEVAKT  
MER OM NORGE  
Oppdatert 18.12.2015, kl. 17:14



JO STRANGENES KOMPANI  
**A DOLL'S HOUSE**  
30.-31. JANUAR / SCENE 2  
Jo Strangenes ser på fribase vedlikeholdt utv.



**VILDE FRANG**  
KAMMERORKESTERET ARCAANGELO  
30.-31. JANUAR / SCENE 2  
Den norske fjellets med fjellbakterier av 1800-t.



**JANINE JANSEN**  
A. HAAS / NOVOSCENEN  
Skjerpeliskisten spiller endelig i Operasammen med pianisten Alexander Goryunov.



# Her ser de igjen videoen der sønnen blir kvalt: – Vår sønn har ikke dødd forgjeves



OMSTRIDT VIDEO: Den fatale pågripelsen av Erik Are Stedt (35) på Oslo legevakt ble fanget opp av tre overvåkingskameraer. Foto: OVERVÅKINGSKAMERA

# Høyesteretts julegave

Seks dager for julaften kom årets julegave fra Norges Høyesterett til pressen.

NRK FIKK ENDELIG medhold i kravet om utlevering av overvåkingsvideoen fra Oslo legevakt som viser det fatale pågrepet med dæden til følge for Erik Are Stedt (35) under en dramatisk pågripelse. I TUR OG ORDEN har Spesialenheten for etterforskning av politisaker i Oslo tingrett og avvisning av pågripelsen av Erik Are Stedt (35) under arrestasjonen på Oslo legevakt. Det er saken er henlagt, mener advokat Stein Schirmer. Høyesterett har fått dom om at NRK må få tilgang til en overvåkingsvideo fra Oslo legevakt der en psykiatrisk pasient blir kvalt til døde av en ambulansesjef. Dette er den andre viktige prinsippseieren for norsk presse i landets høyeste domstol på kort tid. Foreldrene hans er glade og mener avgjørelsen fører til større rettsikkerhet. Foreldrene hans er glade og mener avgjørelsen fører til større rettsikkerhet. Foreldrene hans er glade og mener avgjørelsen fører til større rettsikkerhet.



## 2. Publiserte saker:

- 26. desember 2015 – NRK.no: **Advokater om henleggelsen: – Det er en skandale:** [http://www.nrk.no/norge/advokater-om-henleggelsen\\_-\\_det-er-en-skandale-1.12720990](http://www.nrk.no/norge/advokater-om-henleggelsen_-_det-er-en-skandale-1.12720990)
- 26. desember 2015 – Kveldsnytt: **Nødverge-advokat reagerer på videoen fra Oslo legevakt:** <https://tv.nrk.no/serie/kveldsnytt/NNFA23122615/26-12-2015#t=5m42s>
- 23. desember 2015 – NRK.no: **Professor: – At dette er nødverge, finner jeg uforståelig:** [http://www.nrk.no/norge/professor\\_-\\_at-dette-er-nodverge\\_finner-jeg-uforstaelig-1.12719450](http://www.nrk.no/norge/professor_-_at-dette-er-nodverge_finner-jeg-uforstaelig-1.12719450)
- 22. desember 2015 – Kveldsnytt: **Professor i strafferett og maktmiddeljus om videoen: – Det er nødverge:** <https://tv.nrk.no/serie/kveldsnytt/NNFA23122215/22-12-2015#t=52s>
- 22. desember 2015 – NRK.no: **Foreldrene til Erik Are Stedt: – Vår sønn har ikke dødd forgyves:** [http://www.nrk.no/norge/\\_var-sonn-har-ikke-dodd-forgjebes-1.12717690](http://www.nrk.no/norge/_var-sonn-har-ikke-dodd-forgjebes-1.12717690)
- 22. desember 2015 – NRK.no og Dagsrevyen: **Her er videoen som viser da Erik Are Stedt ble kvalt til døde:** <http://www.nrk.no/norge/her-er-videoen-som-viser-da-erik-are-stedt-ble-kvalt-til-dode-1.12715176> og <https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/NNFA19122215/22-12-2015#t=13m36s>
- 18. desember 2015 – NRK.no: **Riksadvokaten tapte mot NRK – må utlevere dødsfallvideo fra Oslo legevakt:** [http://www.nrk.no/norge/riksadvokaten-tapte-mot-nrk-\\_ma-utlevere-dodsfallvideo-fra-oslo-legevakt-1.12695147](http://www.nrk.no/norge/riksadvokaten-tapte-mot-nrk-_ma-utlevere-dodsfallvideo-fra-oslo-legevakt-1.12695147)
- 25. november 2015 – NRK.no: **Frykter økt innsyn kan gjøre etterforskning vanskeligere:** <http://www.nrk.no/norge/riksadvokaten-frykter-okt-innsyn-kan-gjore-etterforskning-vanskeligere-1.12672045>
- 24. november 2015 – NRK.no: **Vil la media se overvåkningsvideoen av sønnens død:** <http://www.nrk.no/norge/hoyesterett-skal-behandle-nrks-innsynskrav-i-legevaktsaken-1.12664525>
- 26. juni 2015 – NRK.no: **NRK anker til Høyesterett for å få se overvåkningsvideo:** <http://www.nrk.no/norge/nrk-anker-til-hoyesterett-for-a-fa-se-overvakningsvideo-1.12428916>
- 7. april 2015 – NRK.no: **NRK ankar video-nekt i legevaktsaka:** <http://www.nrk.no/norge/nrk-ankar-video-nekt-i-legevaktsaka-1.12296186>
- 25. mars 2015 – NRK.no: **Nektar NRK å sjå video av kveling:** <http://www.nrk.no/kultur/retten-nektar-nrk-video-av-kveling-1.12280535>
- 29. november 2014 – NRK.no: **NRK går rettens vei for å få overvåkningsvideo:** <http://www.nrk.no/norge/nrk-gar-rettens-vei-for-overvakningsvideo-1.12070362>
- 9. mai 2014 – NRK.no: **Ble kvalt og drept under arrestasjon – nå er saken henlagt:** <http://www.nrk.no/norge/henlegger-legevakt-saken-1.11709885>
- 13. februar 2014 – NRK.no og Dagsrevyen: **«Erik Are Stedt ble revet fra oss, Oslo 29. november 2012»:** [http://www.nrk.no/norge/\\_erik-are-stedt-ble-revet-fra-oss\\_-1.11540419](http://www.nrk.no/norge/_erik-are-stedt-ble-revet-fra-oss_-1.11540419) og <https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/NNFA19021314/13-02-2014#t=6m11s>
- 30. november 2012 – Dagsrevyen: **Mann døde under arrestasjon:** <https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/NNFA19113012/30-11-2012#t=10m55s>

## 3. Utgreiing av arbeidet

### 3.1. Korleis det heile starta

Det starta på morgonvakt 30. november 2012. Det var dagen etter at Erik Are Stedt mista livet på legevakta. Det var då offentlegheita fekk vite om dødsfallet. Eg var den som tilfeldigvis vart satt til å dekkje denne saka denne dagen.

På kontoret til politimeister Hans Sverre Sjøvold på politihuset i Oslo den 30. november, uttalte han at politiet hadde handla på ein "korrekt og ordentlig måte". Det sa han dagen etter dødsfallet. Etterforskinga hadde berre vart i eit halvt døgn.

Korleis kunne ein som hadde oppsøkt hjelp, og som i utgangspunktet ikkje hadde gjort noko gale, miste livet i hendene på politi- og ambulanspersonell? Eg ville finne ut meir, og valte difor – på vanleg måte – å søkje om innsyn i overvakingsvideoen frå Oslo legevakt. Eg sendte eit innsynskrav til Spesialeininga for politisaker. Dagen etter eg sendte innsynskravet av slo Spesialeininga for politisaker.

Tidlegare det same året – altså 2012 – var eg på Skup-konferansen for første gong. Eg deltok også på Skups graveskule, der eg mellom anna lærte meir om innsynskrav og om offentleglova. Som 22-årig ung og ganske uerfaren journalist, var innsyn, postjournal og offentleglov ganske fjernt for meg. Eg klarte så vidt å forstå at kollegaer orka å bruke tid på slikt. Å be om innsyn og å skrive klager verka vanskeleg og kjedeleg. Men: Skup-konferansen dette året endra dette trangsynte synet mitt. Eg klarte å knytte innsynskrav til journalistikk. Eg vart inspirert av dømer på innsyn som hadde ført til god journalistikk, og der klaging og hard jobbing hadde ført fram. Skup 2012 danna grunnlaget for det som har blitt mitt viktigaste verktøy som journalist – nemleg innsynjobbing. Det kurshaldaren sa den marsdagen i 2012 har brent seg fast. Dei tre orda han brukte som oppmoding til journalistane som deltok, var det viktigaste eg lærte på det kurset. Han sa: «Aldri gi deg».

Etter opphaldet på Skup i Tønsberg reiste eg tilbake til Oslo med mykje motivasjon. Eg bad om innsyn i alt eg kom over – smått og stort. Eg bestemte meg også for å finne ei sak der eg ikkje skulle gi meg. Som eit slags forsøk. Dersom ein held på slik i alle saker, får ein ikkje tid til anna, så difor bestemte eg meg for å finne ei sak der ikkje skulle gi meg. Den saka dukka opp 30. november 2012.

Tre år seinare, 22. desember 2015, kom det ein e-post i innboksen min. Den var frå sjefen for Spesialeininga for politisaker. Vedlegget var ei videofil. Det var overvakingsvideoen frå Oslo legevakt.

### 3.2. Den sentrale problemstillinga

Den sentrale problemstillinga var å finne ut kva som faktisk skjedde då Stedt døyde. Korleis kan ein psykisk sjuk mann, som oppsøkte politiet for å få hjelp, miste livet i hendene på politi og helsevesen?

Sprikande vitneforklaringar gjorde også saka interessant. Korleis kan det ha seg at dei som var på Oslo legevakt denne novemberkvelden opplevde situasjonen så ulikt?

Ambulansearbeidaren har forklart at han "syntes Stedt så gal ut og han var redd Stedt skulle slå i hjel politibetjentene", ifølgje politiforklaringa hans. Vidare står det at "det gikk så hardt for seg og at Stedt var så stor og kraftig, at han tenkte politibetjentene kunne komme til å bli drept". De to politikvinnene har forklart at dei hadde dødsangst. Dei var redde for at Stedt skulle ta livet av dei.

Fire vitne forklarte noko heilt anna. Forklaringa til eit av vitna, som også er helsepersonell, er ifølgje eit politidokument slik:

*Personen ropte og det virket for vitne som at han bare var desperat og ville bort og vekk.*

*(...)*

*Vitne ble spurt av rapportskriver om hun så at personen var voldelig imot de to tjenestekvinnene. Hun oppfattet det som at han fektet og vred seg løs, men ikkje at han slo etter dem. Vitnet oppfattet det ikke som at han angrep tjenestekvinnene og var voldelig imot dem.*

Vitneforklaringar er subjektive. Alle har ulik oppfatning av det som skjedde. Slik er det alltid. Difor var det avgjerande å få tilgang til overvakingsvideoen. Det er det mest objektive beviset i saka.

Det som også gjorde saka ekstra interessant var at juristane i påtalemakta hadde ulike oppfatningar av skuldspørsmålet. Korleis er det mogleg at det er så ulike vurderinga av same sak?

- Etterforskingssleiaren ville tiltalte ambulansearbeidaren for lekamsskading med døden til følge.
- Sjefen for Spesialeininga for politisaker la bort saka mot ambulansearbeidaren "etter bevisets stilling".
- Riksadvokaten meinte det ikkje hadde skjedd noko straffbart, og henla saka "som intet straffbart forhold anses bevist".

Når nokon dør i politiets varetekt har det stor offentleg interesse. Denne saka er midt i kjernen av samfunnsoppdraget til pressa. Saka handlar også om grunnleggjande verdiar i samfunnet vårt – tilliten til politiet og offentlege tenestemenn, og kva type makt som bør vere tillat å bruke under ein arrestasjon.

Rolla til pressa blir utdjupa i Vær varsam-plakaten: "Det er pressens oppgave å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre."

I denne saka døde Stedt som følgje av basketaket med ambulansarbeidaren og dei to politibetjentane. Stedt har såleis ikkje moglegheit til å la sin stemme bli høyrd og gi sin versjon av kva som faktisk skjedde. Han mista livet med eit slags stempel om å ha gjort noko ulovleg – nemleg å ha gått til eit rettsstridig åtak på politibetjentane – ettersom at saka vart vurdert som naudverge. Dette var også sentralt i vår problemstilling. Dette argumentet forsterka pressa sitt behov for å få innsyn i overvakingsvideoen for å ivareta vår oppgåve med å beskytte enkeltmenneske mot overgrep.

Det var fleire sentrale problemstillingar i arbeidet:

- Korleis er det mogleg med så ulike opplevingar av situasjonen?
- Korleis er det mogleg med så ulike vurderingar om skuldspørsmål i Spesialeininga for politisaker og Riksadvokaten?
- Var det naudverge?
- Og dersom det var det: Var maktbruken naudsynt (om den var "forholdsmessig")? Var det framleis naudverge då Stedt var lagt i bakken, eller var det framleis eit rettsstridig åtak frå Stedt?

### 3.3. Kva er nytt?

NRKs dekning og arbeid med saka har avdekka at det var ulike vitneforklaringar om kva som faktisk skjedde, og at augevitne opplevde basketaket med Stedt annleis enn dei involverte politibetjentane og ambulansarbeidaren. Vi kunne også fortelje om ulike vurderingar om skuldspørsmål/spørsmål og naudverge innad i Spesialeininga for politisaker og Riksadvokaten – at dei ulike juristane vurderte bevisa ulikt.

Konsekvensen av at vi vann fram og fekk innsyn i videoen har ført til at vi hadde høve til å ettergå saka – noko som er spesielt viktig i saker som ikkje får offentleg rettergang i domstolen. Vi kunne såleis gjere vår uavhengige kontrollfunksjon. Publisering av videoen førte til fleire reaksjonar, og vi fekk uavhengige professorar og advokatar til å vurdere saka. Det førte til stor debatt og viste at det var stort sprik i vurderingane av bevismaterialet. Det var usemje på høgt nivå om at saka var lagt bort, mellom anna frå jussprofessorar. Saka var på ingen måte opplagt.

NRKs arbeid har ikkje berre ført til openheit om det som faktisk skjedde, gjennom arbeidet med å få tilgang til overvakingsvideoen. Dommen frå Høgsterett er også ei prinsipielt viktig avgjerd



for heile presse-Noreg, sidan den slår fast at media har rett på innsyn i straffesaksdokument etter Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 10.

Saka har difor stor betydning for pressa sin moglegheit til å kunne utøve funksjonen som vaktbikkje; å kontrollere maktbruken frå offentlege styresmakter. Før kunne påtalemakta avslå eit kvart innsynskrav utan å kome med grunngjeving. No kan dei ikkje det lenger. NRK-sigeren i Høgsterett er grunnen til det. Det er heilt nytt i norsk rettspraksis.

### **3.4. Organisering av arbeidet**

Arbeidet med å få utlevert videoen har vore svært tidkrevjande. Vi har brukt mykje tid å ressursar i dette arbeidet. Underteikna har følgd saka heile vegen, og har arbeidd med innsynskrav og opp mot dei etterlatte frå start. NRKs advokatar Ane Stokland og Anne-Hilde Strom vart undervegs kobla inn i arbeidet, og køyrde saka gjennom heile rettsapparatet. Det har vore eit tett samarbeid mellom journalist og advokatar heilt fram til siger i Høgsterett. Dåværande reportasjeredaktør og noværande nyheitsdirektør Alexandra Beverfjord har følgd prosessen tett.

Alt arbeid har blitt gjort innimellom andre vakter, i full turnus og på fritid. Det har til tider vore tungt og litt demotiverande – med tap etter tap etter tap. Det har vore mykje papirarbeid, innhenting av dokumentasjon og fakta, og arbeid opp mot kjelder.

Fleire reportarar har bidrege i det journalistiske arbeidet gjennom dei tre åra. Stor takk til: Runar Henriksen Jørstad, Vilde Helljesen, Ida De Rosa, Martin Fjørtoft, Svein Olsson, Sofie Gran Aspunvik, Kristian Elster, Helge Carlsen, Iram Ansari, Ellen Omland og Farid Ighoubah.

## 4. Metode

### 4.1. Kjelder/kontakta med foreldra

Tradisjonell kjeldejobbing står sentralt i arbeidet med denne saka. Frå start forsøkte vi å få tak i vitne til hendinga – utan hell. Vi slapp så vidt inn på legevakta for å filme staden der Stedt døydde då vi oppsøkte legevakta på føremiddagen 30. november 2012.

I starten var det lite informasjon å hente. Det var få aktørar som var villige til å opplyse saka. Spesialeininga for politisaker gav nokre opplysningar om det dei visste, og det er forståeleg at dei heldt tilbake i initialfasen av ei etterforsking. Politimeisteren uttalte som nemnt at politiet hadde handla på "korrekt og ordentlig måte" slik han oppfatta saka.

Vidare jobba eg målretta mot vitne og foreldra til Stedt, Vivi og Erik. Kontakten med dei starta gjennom bistandsadvokaten deira, Morten Engesbak. I starten ville foreldra ha ro rundt etterforskinga, og valte å ikkje uttale seg om saka i media, men samstundes ville dei underskrive samtykkeklæring som NRK kunne bruke i arbeidet med å få utlevert videoen. Samtykkeklæringa vart signert 27. januar 2013 – to månader etter dødsfallet.

Foreldra ville frå start at offentlegheita skulle få sjå videoen. Dei hadde sjølv sett den gjennom bistandsadvokaten sin, og sa til oss at dei på videoen ikkje oppfatta sonen som valdeleg. Dei sa at det såg ut som at han var i psykose, og at han bare var redd og ville flykte, slik han pleier når han er i eller på veg inn i psykose. Dei var overtydde om det, og ville difor at vi skulle få utlevert videoen. Kontakta med foreldra og bistandsadvokaten viste seg å bli avgjerande for det vidare arbeidet.

Eg hadde tett dialog med foreldra over lang tid. I februar 2014 valte dei stille opp i ei sak på Dagsrevyen og på NRK.no – det tok eitt år med aktiv kjeldejobbing å få til dette. På dette tidspunkt hadde Spesialeininga for politisaker lagt bort saka. Bistandsadvokaten til foreldra hadde sendt klage til Riksadvokaten. Dei meinte at det var feil å legge bort saka. Kontakta med foreldra bidrog til at vi fekk tilgang til dokumentasjon og påtalevedtak – og nyttig informasjon frå etterforskinga som vi ikkje klarte å få ut frå Spesialeininga for politisaker.



Via omfattande og krevjande kjeldejobbing fekk vi også opplysningar om at etterforsningsleiaren hadde innstilt på tiltale mot ambulansarbeidaren og at det hadde vore usemje om skuldspørsmålet internt i Spesialeininga for politisaker. Disse opplysningane fekk vi heller ikkje frå Spesialeininga for politisaker før vi kunne konfrontere dei direkte med det, nettopp fordi vi hadde fått opplysningane frå anna hald. Sjefen i Spesialeininga stadfesta at det hadde vore ulike vurderingar av saka internt.

Ein del av kjeldekontakten i saka kan eg ikkje gå nærare inn på i denne rapporten, av omsyn til kjeldevern.

## 4.2. Innsyn

3. desember 2012 sendte eg ein e-post til Spesialeininga for politisaker. Eg bad om innsyn i overvakingsvideoen frå Oslo legevakt. Lite visste eg då at vi tre år seinare skulle stå andlet til andlet med nokon frå Riksadvokaten i Høgsterett – og at vi skulle gå på tap i tingretten og lagmannsretten.

Det første innsynskravet sendte eg nærast på refleks (ein konsekvens av Skup-konferansen same år). Dagen etterpå, 4. desember klokka 13.05 fekk eg svar frå Spesialeininga for politisaker: Avslag.

Eg hadde opparbeidd meg litt erfaring med Offentleglova då eg sendte det første innsynskravet, men fann fort ut at innsyn i overvakingsvideoen – som er eit straffesaksdokument – ikkje hadde noko med Offentleglova å gjere. Innsyn i straffesaksdokument er omhandla av heilt andre lover. Eg måtte difor setje meg inn i straffeprosesslova og påtaleinstruksen. Eg søkte også om innsyn i videoen hos Oslo kommunale legevakt, etter Offentleglova. Men fekk også avslag frå dei fordi saka var under etterforskning. Videoen blei også sletta frå systemet til legevakta etter ei gitt tid, så det var difor ikkje nokon vits å følgje opp innsynskravet ovanfor dei.

Eg bad Spesialeininga for politisaker om å vurdere innsynskravet mitt på nytt, men nok ein gong – 21. desember 2012 – fekk eg avslag. "Spesialenheten har foretatt en ny vurdering i tråd med ovennevnte anmodning og har igjen kommet til at denne blir å avslå", står det i avslaget.

I mellomtida hadde eg oppretta kontakt med dei etterlatte, foreldra til Erik Are, og fekk innhenta samtykkeerklæring frå dei. Den omfatta innsyn i overvakingsvideoen, men også i andre relevante dokument og opplysningar. Eg sendte etter dette eit nytt innsynskrav til Spesialeininga for politisaker, der eg viste til samtykkeerklæringa, men fekk avslag på nytt. Dette avslaget klaga eg inn for Riksadvokaten. Også der: Avslag.

Tida gjekk. Spesialeininga for politisaker la bort straffesaka mot ambulansarbeidaren og dei to politikvinnene. Sidan saka var avslutta, meinte eg at vilkåra for innsyn var endra, og sendte difor endå ein gong eit innsynskrav til Spesialeininga for politisaker. Dette var tredje gong eg bad om å få utlevert videoen.

I det tredje innsynskravet hadde eg leita rundt i journalar og postlister, på jakt etter dokument, for å finne materiale som kunne hjelpe meg med å få innsyn. I prosessen i den tredje klagesaka, kontakta eg NRK-advokat Ane Stokland. Ho hjalp meg, og kom mellom anna med fleire gode innspel. Ho ville mellom anna t vi skulle vise til Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) i dette innsynskravet. Vår påstand var:

*Det vil være i strid med EMK artikkel 10 å nekte NRK tilgang til videoopptakene. Innsyn kan også gis etter påtaleinstruksens § 4-2 tredje ledd. (...) Dersom avslaget opprettholdes, bes det om at klagen oversendes overordnet påtalemyndighet.*

Vi hadde sett at det var rettspraksis på dette i Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) i Strasbourg. NRK hadde også vunne fram i ei sak tidlegare (Treholt-saka) i Høgsterett, som også omhandla innsyn i straffesaksdokument. NRKs advokatar hadde såleis erfaring med dette frå før, og sat på mykje relevant kunnskap om EMK og rettspraksis frå EMD. Vi valte difor å leggje vekt på dette i den vidare innsynsprosessen.

Det var også viktig å finne fram til rundskriv og andre dokument frå påtalemynd og politi, som kunne nyttast. Eg fann mellom anna fram til eit rundskriv som var svært relevant i saka vår. Politidirektoratet understreka i sitt rundskriv 2007/11 ("Halsgrep, mageleie ved pågripelse/innbringelse og transport av arrestanter") at det er viktig å praktisere openheit i saker der nokon dør i hendene på politiet:

*I saker hvor personer er skadd eller forulykket i sitt møte med politiet, vil samfunnet ha interesse av åpenhet omkring de faktiske forhold.*

I Rt-2006-518 avsnitt 20 fann vi også element som kunne tale for vår sak. Dette dokumentet omhandlar påtaleinstruksens § 4-2 tredje ledd, der det var uttalt at paragrafen kan gi ein skjønnsmessig kompetanse til å praktisere meiroffentlegheit. Vidare viste vi til Justisdepartementet sin kommentar til forslag til ny politiregisterlov der departementet skriv følgjande i Ot.prp. 108 (2008-2009):

*Bestemmelsen brukes også i en viss grad til å gi massemedia innsyn i avsluttede saker. Særlig aktuelt er dette for saker som for en tid tilbake tiltrakk seg en viss oppmerksomhet, og hvor et presseorgan nå ønsker å skrive om saken på ny.*

Men ingenting av dette førte fram. Orda ser fine ut på papiret. Både Spesialeininga for politisaker og Riksadvokaten nekta oss på nytt innsyn i videoen som viser dødsfallet til Erik Are Stedt.

Det var til å gi opp. Men motgangen gav oss bare meir motivasjon. Vi vurderte om vi skulle ta saka inn for retten.



### 4.3. Søksmål som metode – å ta Riksadvokaten for retten

Eg tok altså kontakt med advokat Ane Stokland i NRKs juridiske avdeling i den siste fasen av innsynsbejæringane. Ane har lang erfaring frå arbeid med innsynssaker, og førte mellom anna saka om innsyn i lydopptaka frå Treholt-saka for Høgsterett i 2013. Saka enda med siger, og Høgsterett slo fast at media kan ha rett til innsyn i straffesaksdokument etter EMK artikkel 10. Etter tradisjonell norsk rett har ikkje media krav på innsyn i straffesaksdokument. Politi og påtalemyndighet *kan* praktisere meirinnsyn, men har ingen plikt til det, og dei fører ein svært restriktiv praksis.

*Politiregisterforskriften § 27-2 (3) om innsyn i avsluttede straffesaker:*

*"Bejæring fra andre om utlån eller gjennomsyn av dokumentene i en avsluttet straffesak kan bare etterkommes dersom vedkommende har saklig grunn for lån eller gjennomsyn av dokumentene."*

Eit avslag om innsyn treng ingen grunngjeving, og kan etter norsk rett ikkje prøvast av ein uavhengig domstol. Det var utgangspunktet. Politi og påtalemyndighet kan difor nekte innsyn, akkurat som det måtte passe dei – også i saker av stor allmenn interesse og der det kan vere grunn til å rette kritikk mot nettopp politi eller påtalemyndighet.

Vi diskuterte, grubla og tenkte på kva vi skulle gjere. Og vi starta arbeidet med å leite i andre rettskjelder. Vi fann fort ut at vi måtte gå til rettskjelder utanfor Noreg for å søkje grunnlag for eit krav om innsyn i overvakingsvideoen. EMK artikkel 10, som omhandlar ytrings- og informasjonsfridom, gir media fleire rettar på dette området enn det norsk lovgiving gjer. EMK har fått forrang for andre norske lovreglar. EMK gir også rett til at innsynskrav i straffesaksdokument kan prøvast i retten, noko Spesialeininga for politisaker var usamde i. Dei meinte vi ikkje kunne prøve innsynsspørsmålet for retten i det heile.

Riksadvokaten la til grunn at EMK artikkel 10 ikkje kunne brukast i saka og at NRK difor ikkje hadde krav på innsyn. Det var deira endelege avslag datert 5. august 2014. Riksadvokaten støtta seg på dei norske rettsgelane og uttalte:

*Som det fremgår av foranstående, ville en beslutning om innsyn i det omstridte videomaterialet reelt sett innebære at det ble etablert en ny praksis i påtalemyndigheten. Etter riksadvokatens syn bør et slikt resultat fordre endrede regelsett.*

Trass Høgsterett si avgjerd i Treholt-saka, har altså Riksadvokaten som øverste leiar av påtalemyndighet inntatt eit standpunkt om at pressa ikkje har krav på innsyn i straffesaksdokument. Dei praktiserer innsyn etter ei svært restriktiv linje.

Vi stod ovanfor eit vanskeleg val. Skal vi køyre saka for retten? Eller skal vi la saka liggje slik at den forsvinn i haugen av alle sakene som er lagt bort hos Spesialeininga for politisaker?

Advokat Anne-Hilde Strom, som også hjalp til i Treholt-saka, blei involvert i vurderinga av saka – samt dåværande nyheitsdirektør Per Arne Kalbakk og dåværande reportasjeredaktør Alexandra Beverfjord. Vi konkluderte med at saka var såpass viktig og hadde så stor allmenn interesse, at vi ville ta den inn for rettsapparatet.

Saka blei tatt opp i direktørmøtet i NRK, og det blei avgjort at vi skulle gå til sak for å få innsyn i overvakingsvideoen. Dette var i september 2014.


Vi starta ein omfattande prosess – som kosta oss mykje arbeidstid og ressursar. Ane og Anne-Hilde starta arbeidet med å gå gjennom lovverk og internasjonal rettspraksis. Dei gjekk mellom anna gjennom tolkingsuttaler frå FNs menneskerettskomité, samt andre internasjonal organ. Dei gjekk også gjennom dommar frå EMD. Dette var eit viktig arbeid, som også var svært tidkrevjande.

Eg jobba med å setje saman informasjonen og

dokumentasjonen eg sat på, og

samanstilte den. Alt dette var viktig for den juridiske vurderinga av saka. Eg framskaffa dette for advokatane, og vi samarbeidde tett i prosessen. Dei faktiske omstenda i saka var viktig i arbeidet til advokatane – mellom anna dokumentasjonen om at det var sprikande forklaringa om kva som faktisk skjedde før basketaket oppstod og når basketaket pågjekk. Dette var informasjon og dokumentasjon som Spesialeininga for politisaka ikkje ville bidra med – vi fekk ingenting frå dei. Anne-Hilde kommenterer:

*Selv om saken må vinnes på den juridiske argumentasjonen særleg knyttet til praksis fra EMD om ytrings- og informasjonsretten etter EMK art. 10, brukes også den informasjonen som Simon har innhentet fra de etterlatte om sprikende vitneuttalelser for å underbygge at det er grunn til å stille spørsmål ved politiets og påtalemyndighetenes håndtering av saken. I tillegg legges det også frem rundskriv som Simon har funnet frem fra Politidirektoratet som oppfordrer til åpenhet i saker der personer har blitt skadd eller forulykket i møtet med politiet. En oppfordring som ikke kan sies å ha blitt fulgt i denne saken. Disse kildene skal det vise seg at Høyesterett siden legger vekt på i sin konkrete vurdering av saken.*




Avgjerda frå Høgsterett, 18. desember 2015.

Vi arbeidde tett saman i arbeidet med begjæringa for Oslo tingrett og under ankebehandlinga i Borgarting lagmannsrett. Vi tapte begge stader, noko vi var veldig skuffa over. Vi kunne ikkje la ei slik avgjerd bli ståande.

Vi valte difor å ta saka inn for Høgsterett – og vi var også innstilte på å ta den vidare til Strasbourg om naudsynt. Då ankeutvalet i Høgsterett bestemte at anken vår skulle sleppast inn til full behandling, starta arbeidet for fult; det verkeleg store praktiske arbeidet med å gjennomgå, vurdere, sortere og samanstille alle relevante rettskjelder og fakta som kunne brukast i saka.

Vi måtte lage eit faktisk utdrag, som dei heiter, med alle relevante bevis og prosesskriv. Det blei også starta eit arbeid med å innhente ei rekkje andre presseklipp som viser at politi og påtalemyndighet tidlegare har gitt innsyn i videoklipp, eller "skrytevideoar", som vi ville leggje fram i Høgsterett. Norsk Presseforbund og Norsk Redaktørforening var partshjelp for NRK i Høgsterett, og advokaten deira Jon Wessel-Aas tok føre seg dette i sitt innlegg.

I tillegg blei det laga eit såkalla juridisk utdrag der alle relevante rettskjelder i saka måtte med; lovar, forskrifter, forarbeid, norsk rettspraksis, praksis frå Strasbourg, FNs menneskerettskomité, andre internasjonale organ, juridisk litteratur osv. Anne-Hilde og Ane søkte gjennom og leste tusenvis av sider for å velje ut det som var mest relevant og som kunne støtte opp under innsynskravet vårt.



Dokumentasjon og juridisk utdrag til ankeforhandlingane i Høgsterett i november 2015. Fleire tusen sider.

Sidan juridisk utdrag også skal innehalde dei rettskjelder som motparten skal bruke, fekk vi oversendt ei svært omfattande liste over dommar og anna materiale som påtalemakta ville leggje fram i retten. Dette måtte vi bruke mykje tid på for å forsøke å finne ut kva påtalemakta ville bruke kjeldene til. Riksadvokaten si liste over rettskjelder var så omfangsrik at det til slutt blei lagt fram åtte bind med rundt 2500 sider totalt.

Saka gjekk for munnleg behandling 24. og 25. november 2015.

#### 4.4. Bruk av ekspertar

Vanskelege juridiske spørsmål og vurdering av bevismateriale måtte vurderast i saka, og vi jobba med å få tak i eksterne ekspertar som kunne vurdere videoen og dokumentasjonen vi sat på frå etterforskinga. Dette var ikkje veldig enkelt – for videoen blei frigitt rett før jul og fleire av professorane vi snakka med hadde andre arbeidsoppgåver dei måtte fullføre før jul, eller var bortreist. Det var også ein del som ikkje ville gå inn i såpass vanskeleg og tung sak som trass alt var lagt bort av Riksadvokaten.

Vi kontakta fleire professorar på dei juridiske fakulteta rundt om i landet. Grunnen var at vi ville ha ei objektiv vurdering av saka. Vi kom i kontakt med professor Johan Boucht og Alf Petter Høgberg ved Universitetet i Oslo. Begge har strafferett som spesialfelt. Vi ville ha vurdering på følgjande:

- Var det naudvergesituasjon?
- Var maktbruken i samsvar med åtaket frå Stedt? Var maktbruken innafor det som er tillat i naudverge?
- Vi bad også om vurdering at politiets handlemåte – om det dei gjorde eller eventuelt ikkje gjorde (at dei ikkje fekk avslutta halsgrepet)?

Vi sendte dei dokumentasjonen vi sat på – mellom anna påtalevedtaka og videoen, slik at dei kunne vurdere dette samla. Professor Boucht meiner det var vanskeleg å kritisere at saka var lagt bort, sidan han vurderte at det var ein naudvergesituasjon. Boucht reagerte likevel på lengden på halsgrepet, og at det kunne diskuterast om naudvergesituasjonen var over i det Stedt var lagt i bakken, og at dermed halsgrepet burde blitt avbrutt. Professor Høgberg meiner saka burde enda i retten.

Det var viktig å få deira vurdering av saka – og det at dei er usamde viser bare at det ikkje er nokon fasit og at det er vanskelege vurderingar.

“*Hvordan noen kan komme til at dette er innenfor hva nødvergeretten tillater, finner jeg uforståelig.*”

 PROFESSOR ALF PETTER HØGBERG VED UNIVERSITETET I OSLO



## 5. Etske problemstillingar og utfordringar

Dette er ei sak som er full av etiske utfordringar. Og det er naturleg nok ei sak som er svært belastande for dei involverte. Utfallet er tragisk, og det var nok ingen som ville at utfallet skulle bli som det blei. Samstundes er dette ei sak som er midt i kjernen av samfunnsoppdraget til pressa (VVP):

*1.5. Det er pressens oppgave å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre.*

Ei av dei viktigaste oppgåvene til pressa er å ha ein kontrollerande funksjon – spesielt i saker med usemje og ulike oppfatningar av same sak. Difor er dette ei sak vi har køyrd heilt til topps i rettsapparatet.

### 5.1. Omsynet til dei involverte

Det utfordrande i saka er også at både Spesialeininga for politisaker og Riksadvokaten har lagt bort saka. Dei har konkludert med at ingen skal tiltalast for det som skjedde. Her kjem punkt 4.5 i Vær varsam-plakaten inn:

*4.5. Unngå forhåndsdomming i kriminal- og rettsreportasje. Gjør det klart at skyldspørsmålet for en mistenkt, anmeldt, siktet eller tiltalt først er avgjort ved rettskraftig dom. Det er god presseskikk å omtale en rettskraftig avgjørelse i saker som har vært omtalt tidligere.*

Sjølv om saka er lagt bort, er det likevel viktig at pressa utøver sin kontrollfunksjon. Vi var svært bevisste på å understreke at sakene er lagt bort i dekninga vår. Vi har vore opptekne av ryddig og balansert dekning, bruk av tittel og bilete – samt omfang og dimensjonering av dekninga. Likevel meiner vi at saka, som det har vore stor usemje og mykje debatt om, blir problematisert og omtalt i media.

Politibetjentar er offentlege tenestemenn, og har stor tillit i samfunnet i eigenskap av stillinga dei har. Dei er gitt myndigheit til å utøve makt på vegne av samfunnet/ålmenta, og då må vi også ha moglegheit til å kontrollere denne maktutøvinga når den får så fatale følgjer. Offentlege tilsette som utfører ein jobb på vegne av samfunnet må tale offentleg omtale i slike saker. Samstundes har dette vore noko av det vanskelegaste i arbeidet – belastinga visning av videoen og massiv omtale av saka må ha vore for dei involverte. Vi har heile vegen anonymisert dei involverte, og vi har varsla dei – gjennom advokatane deira – før publisering. Vi har gitt dei høve til å kommentere, og gitt tilsvara deira god plass i dekninga.

Vi har lagt stor vekt på ein sakleg omtale og omtanke i innhald og presentasjon.

## 5.2. Å vise eit dødsfall

Å vise eit dødsfall er etisk utfordrande. Dette diskuterte vi og vurderte grundig før publisering. Vi visste lite om nøyaktig kva videoen ville vise før vi faktisk fekk sett den med egne auge – sidan det var så stor skilnad på vitneforklaringar og vurderingar av det som skjedde.

Det kunne godt vere vi ikkje skulle vise videoen i det heile, og dersom vi skulle vise den, var det ikkje sikkert at vi skulle vise alt. Vi visste heller ingenting om videoen viste ein openbar naudvergesituasjon eller ikkje. Vi møtte videoen med opent sinn. Då vi fekk tilgang til videoen og fekk vurdert den, valte vi å vise deler av den. Vi var open for å lande på full visning, men frå start valte vi å vise fram til Stedt var lagt i bakken i klippet vi publiserte på nett. Deretter gjekk vi i svart. Vi valte også å vise då ambulansarbeidaren slapp halsgrepet. Vi ville vere varsame med å vise eit drap. Vi meinte det ikkje var naudsynt å vise alt. På Dagsrevyen brukte vi deler av videoen.

Seinare i den journalistiske dekninga landa vi på full visning, sidan det som skjedde medan Stedt låg på bakken blei eit tema i den journalistiske dekninga – særleg grunna usemja om situasjonen var under kontroll eller ikkje då Stedt var lagt i bakken. Etter konkret vurdering valte vi å vise heile videoen på nett.

## 5.3. Motstand

Vi har møtt stor motstand i arbeidet med denne saka. Det seier seg sjølv når vi har gått på nederlag hos Spesialeininga for politisaker og Riksadvokaten tre gonger, samt at vi har tapt i både tingretten og lagmannsretten. Ingen ville gi oss tilgang til overvakingvideoen.

Då vi gjekk til sak i Oslo tingrett motsette Spesialeininga for politisaker seg NRKs krav og forsøkte å få saken avvist frå behandling i retten. Argumentet var at NRK ikkje har rett til å prøve saka i domstolen etter dei norske reglane, og heller ikkje etter EMK artikkel 13; som omhandlar rett til effektivt rettsmiddel. Konsekvensen av dette hadde vore følgjande: Ikkje bare skal påtalemakta sjølv få bestemme om media har rett til innsyn i straffesaksdokument, men også at vi ikkje har moglegheit til ein uavhengig prøving av avslaga som påtalemakta vedtek.

Oslo tingrett slo fast at vi hadde rett til å prøve saka i domstolen, men dei avgjorde 24. mars 2015 at "begjæringen tas ikke til følge". Lagmannsretten kom 19. juni 2015 med følgjande vedtak: "Anken tas ikke til følge".

## 6. Konsekvensar:

### 6.1. Konsekvensar i konkret sak

NRKs arbeid med å få ut overvakingsvideoen har fått fleire konsekvensar. For det første førte dette til at vi kunne ettergå og undersøkje saka, og drive journalistikken i saka vidare, noko som hadde vore heilt umogleg utan videoen – som er det mest objektive og faktabaserte beviset i saka. Hadde vi ikkje gjort dette arbeidet, hadde saka gått inn i historia utan kritisk vurdering frå utanforstående.

Etter publisering opplevde vi eit enormt engasjement. Mange tok kontakt – både legar og helsepersonell som har arbeidd med psykisk sjuke personar og advokatar.

Saka fekk stor omtale i andre medium – mellom anna i VG, som slo opp saka på si førstesida dagen etter at vi fekk utlevert overvakingsbileta. Saka har blitt debattert breitt, også på leiarplass i fleire store aviser. I Dagsavisen skreiv redaktøren dette 28. desember 2015:

*Det er bra at NRK ikke ga seg, og det er bra at Høyesterett ga medhold. Det styrker rettssikkerheten.*

Dagsavisen skreiv også:

*Videobildene gir media mulighet til å etterprøve politiets versjon av kva som skjedde da en uskyldig mann mistet livet.*

På leiarplass i Vårt Land kunne ein lese dette same dag:

*Påtalemakten har håndtert denne saken på uheldig vis. Når det legges lokk på vesentlig informasjon, skapes det en opplevelse av at noe skal skjules. Retten til å fremme eller å unnlate påtale, er en maktposisjon som må kunne utsettes for en kritisk vurdering. Pressen skal ivareta dette. Begrepet "den fjerde statsmakt" er ikkje bare for festtalene.*

Bernt Olufsen skreiv også eit innlegg i VG om saka:

*Saken har stor betydning for pressens mulighet til å kunne utøve sin funksjon som samfunnets vaktbikkje; å etterprøve maktbruken ved den dødelige pågripelsen. (...) NRK fortjener ros for atter å ha bragt et viktig demokratisk spørsmål til topps i domstolene.*



VG 23. desember 2015

På lik linje med juristane internt i Spesialeininga for politisaker og Riksadvokaten, var det ulike vurderingar av det som skjedde på Oslo legevakt denne novemberkvelden i 2012. To uavhengige jussprofessorar vurderte saka ulikt, som nemnt i i punkt 4.4.

Deira eksterne og objektive vurderingar av saka viser at det ikkje er nokon fasit og at det at saka er lagt bort kan diskuteras. Fleire advokatar tok også kontakt med NRK etter å ha sett videoen, mellom anna ein advokat som har hatt fleire naudvergesaker i retten. Han meiner det er ei skandale at saka er lagt bort.

## 6.2. Konsekvensar i større perspektiv

Det journalistiske arbeidet i denne saka var grunnlaget for søksmålet, noko som har ført til endra rettspraksis. Utan det journalistiske arbeidet før og undervegs i rettsprosessen, hadde vi ikkje vore i stand til å ta denne saka for retten.

Avgjerda frå Høgsterett er prinsipielt viktig. Dei slår fast at media har rett på innsyn i straffesaksdokumenter i medhold av EMK artikkel 10. Det gjeld særleg i saker som er endeleg avgjort av påtalemakta utan at saka har vore handsama i domstolen.

Dette er første gong at Høgsterett slår fast at media har krav på utlevering av straffesaksdokument som påtalemakta ikkje ønskjer å gi frå seg.

Høgsterett legg stor vekt på pressa sin kontrollrolle og understrekar at offentlegheitsprinsippet er særleg viktig i saker som ikkje har gått for domstolane, og viser i dommen til forarbeidet til § 100 i Grunnlova. Høgsterett uttalte mellom anna:

*Tilliten til politiets opptreden ved bruk av tranv under pågripelse, og til påtalemyndighetens etterfølgende myndighetsutøvelse der tvangsbruken var fatal, taler med styrke for at pressen gis tilgang til sakens helt sentrale bevis for kva som vitterlig skjedd.*

Høgsterett uttalte også:

*Pressens kontrollfunksjon består da nettopp i å ettergå myndighetenes versjon av et kritisk hendelsesforløp.*

Vidare er dette konsekvensane av NRKs siger i landets øvste domstol:

- At media har rett til innsyn i straffesaksdokument inneber at påtalemakta er forplikta til å grunngi nekting av innsyn etter konkret vurdering i den enkelte sak. Dei kan ikkje lenger nekte innsyn etter eiga vilje og ønskje, men dei må no gjere ei avveging etter EMK



artikkel 10, som mellom anna inneber at dei må forklare kvifor det er naudsynt – i eit demokratisk samfunn – å nekte og avgrense offentleg innsyn.

- Heilt konkret kan ikkje påtalemakta nekte media innsyn i avslutta straffesaker utan at det er ein god grunn for det, og jo sterkare allmenn interesse saka har, jo vektigare grunngjeving må dei kome med.
- Avgjerda til påtalemakta om å nekte innsyn kan prøvast i retten. Dette er nytt i norsk rett.
- Avgjerda understreker at ein i denne saka er i kjernen av vaktbikkjerolla til pressa.
- Høgsterett understreker at kontrollfunksjonen til pressa er viktig for å ettergå styresmaktene sin versjon. Høgsterett slår fast at det – i denne saka – ikkje var nok at NRK hadde fått tilgang til påtalevedtaka i saka. Retten meinte dette ikkje var tilstrekkeleg for at vi kunne gjere jobben vår sidan det var strid om det som skjedde på legevakta.

Dette er ein siger for demokratiet!

Saka blei også trekt fram som ei av totalt elleve prinsipielt viktige straffesaker i Høgsteretts årsmelding for 2015.

Oslo, 18. januar 2015

---

Simon Solheim